

Turmålaksjonen arrangerast i år for 13 gong! Det er grendeutvala som har valt ut turmåla i 2020. Turmåla skal vere ein **inspirasjon** til å kome seg ut og bli kjent med nye stader i bygda. På grunn av Corona-situasjonen og som smitteverntiltak er det ikkje satt ut «FYSAK-kassar» med turbok i år heller.

Vil du registrere **TRIMPOENG**, så kan du laste ned appen frå denne linken <http://www.trimpoeng.no/i/lesjatur21> Turmålaksjonen går frå **1. juni – 31. oktober**.

For turbeskrivingar sjå turheftet «**På tur i Lesja**», tur-appen **UT.no** / [www.ut.no](http://www.ut.no) eller **Outtt** / [www.outtt.com/lesja](http://www.outtt.com/lesja). På **Instagram** kan du gjerne følge profilen @turilesja og bruke emneknaggen **#turilesja** på dine turbilete frå Lesja.

**Vi ønskjer alle ein riktig god tursommar i Lesja!**



| Turmål         | Grend       | Beskriving                                                                                                                                                                                                                                                                                     |
|----------------|-------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Kvernhusstien  | Bjorli/Rånå | Tur nr. 5, s. 18 i turheftet "På tur i Lesja". Kvernhusfossen er biletet lengst til høgre over.                                                                                                                                                                                                |
| Toppen         | Bjorli/Rånå | Tur nr. 3, s. 16. Bjorlitoppen.                                                                                                                                                                                                                                                                |
| Prestsetersaga | Lesjaskog   | Hit kan ein gå, sykle, trille barnevogn eller nytte sjøvegen med båt/kano/kajakk. Frå Dambrua i vestenden av Lesjaskogsvatnet er det 3 km. 1,5 km frå Bryggeosen, 4 km frå Tandseterosen eller 8 km frå Lesjaverk. Utsikt over breiaste delen av vatnet, og mot Skottgardane og Bjølsågardane. |

|                           |               |                                                                                                                                                                                                                                                                         |
|---------------------------|---------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Bryggeosen</b>         | Lesjaverk     | Turmålet er omtala i tur nr. 25, s. 42. Lett tilgjengelig gapahuk med universelt utforma flytebrygge for fiske.                                                                                                                                                         |
| <b>Valåfossen</b>         | Lesjaverk     | Sjå tur nr. 28, s. 45. Turmålet er på toppen av råket aust for Valåe.                                                                                                                                                                                                   |
| <b>Lorfossen</b>          | Nordmo        | Sjå tur nr. 36, s. 55.                                                                                                                                                                                                                                                  |
| <b>Gamle Haukrust veg</b> | Nordmo        | Tur nr. 35, s. 54.                                                                                                                                                                                                                                                      |
| <b>Ulvaholen</b>          | Lyftingsmo    | Sjå tur nr. 40, s. 59                                                                                                                                                                                                                                                   |
| <b>Plass-setre</b>        | Lyftingsmo    | Tur nr. 39, s. 58.                                                                                                                                                                                                                                                      |
| <b>Hovda</b>              | Kyrkjebygde   | Sjå tur nr. 44, s. 65. Flott utsikt over Kyrkjebygde.                                                                                                                                                                                                                   |
| <b>Vanglykkja</b>         | Kyrkjebygde   | Sjå tur nr. 41, s. 62. Turmålet er ved bekkefare. Hit kan du kome med sykkel, barnevogn og terrenggåande rullestol.                                                                                                                                                     |
| <b>Andbergshøe</b>        | Bø            | Sjå tur nr. 52, s. 75.                                                                                                                                                                                                                                                  |
| <b>Svarttjønn</b>         | Kjøremsgrende | Tur nr. 55, s. 79.                                                                                                                                                                                                                                                      |
| <b>Dalberget</b>          | Kjøremsgrende | Turmålet er den flotte gapahuken "Vy" som blei satt opp av eldsjeler i 2019. Start frå snuplassen ved Brattbakken, lengst vest på skogsbilvegen ovanfor Kjøremsgrende. Nokre hundre meter å gå langs tydeleg veg, fortset ca. 100 m opp i skogen på stig. Flott utsikt! |